



STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND

TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNEBESØK I VINDAFJORD KOMMUNE 23. MAI 2000

INNLEIING

Statens utdanningskontor var på kommunebesøk i Vindafjord kommune 23. mai 2000. Utdanningskontoret sitt føremål med slike besøk er å fremja dialog og kontakt og å få konkret kunnskap om situasjonen i kommunen. Med utgangspunkt i ny opplæringslov og arbeidet med innføringa av L97, vart det fokusert på kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering, og særleg på utviklingstiltak knytte til ungdomssteget. Vindafjord kommune planla detaljane i programmet saman med utdanningskontoret og sende inn utfyllande dokument før besøket. Utdanningskontoret er godt nøgd med førearbeidet.

Før besøket på Vikedal skule fekk vi vera med på ei elevframsyning på Vikedal bygdehus. Vi fekk oppleva talen for 17. mai 2000. Det er tradisjon for at elevane på 8. klassesteget ved Vikedal skule held tale for dagen i bygda. Utdanningsdirektøren syntest innhald i og framføring av talen for 17. mai 2000 var svært god. Tradisjonen med å la elevane halda 17. maitale gir elevane verdfulle erfaringar .

Ved kommunebesøket i Vindafjord deltok følgjande frå kommunen: Ordførar Oddvar Haugland, leiar av kultur- og oppvekstutvalet Øyvind Haraldseid, rådmann Gerd Ingunn Opedal, kultur- og oppvekstsjef Peder Lundegård, oppvekstinspektør Aud Skigelstrand, oppvekstsekretær Reidun Haugsgjerd, leiar for PPT Sigmund Lier og IT- rettleiar Steinar Hole.

Ved besøk på Vikedal skule møtte vi også: rektor Harald Økland, inspektør Torgeir Eidhammar, lærar Tone Andreassen og lærar Nils Erik Eide.

Frå utdanningskontoret deltok utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå, rådgivar Audun Gjerde og førstekonsulent Mary-Ann Drange.

Rapporten er skriven med utgangspunkt i kommunebesøket, innsende dokument og annan kontakt mellom utdanningskontoret og Vindafjord kommune.

KVALITETSUTVIKLING OG KVALITETSVURDERING

Utviklingsarbeid

Oppvekstetaten i Vindafjord kommune framstår som utviklingsretta, og medviten om at det må arbeidast på mange arenaer og område når ein ønskjer å endra praksis i klasserommet. Kommunen vil sjå arbeidet med kompetanseutvikling og kvalitetsutvikling i samanheng med

Samtakprogrammet. Satsingsområde for kommunen i neste fireårsbolk vil m.a. vera klasseleiing og utvikling av gode klassemiljø. Dette området er blitt valt fordi ein ønskjer å førebyggja og eventuelt ha høve til å snu ei negativ utvikling. Vidare ønskjer ein å arbeida systematisk med lese- og skriveopplæring då ein meiner at dette området igjen treng eit løft etter ein bolck der ein har sett fokus på innføring av ny læreplan.

Det er lagt vekt på tiltak for å styrkja tilpassa opplæring og leggja til rette for auka elevaktivitet og elevmedverknad, og det er arbeidd med m.a. organisering av skoledagen og økonomisk sjølvstyrde skolar. Vikedal skule og Skjold skule er med i Læringsstrategiprojektet.

Kommunen er med i nettverket Nord II som har ein felles strategiplan for kvalitetsutvikling i skolen. Planen er relativt generell og tar spesielt opp dei tiltaka kommunane ønskjer å samarbeida om. Våren 2000 blei ein treårsbolck avslutta der hovudsatsinga har vore kompetanseheving innafor fag/fagområde. Andre kvalitetsutviklingsområde har vore leiarutvikling og skolevurdering. Kompetanseutviklingstiltaka elles er gjennomførte i tråd med innsende planar. Etter utdanningsdirektøren si vurdering blir det arbeidd godt med kvalitetsutvikling i skolen i Vindafjord. Kommunen fokuserer på viktige område i ny læreplan, og dei særlege satsingsområda er velbegrunna.

Skolevurdering

Utdanningsdirektøren vil framheva som særleg positivt at kommunen, i lag med dei andre kommunane i nettverket Nord II, har fullført ei utdanning av 20 vurderingsrettleiarar. Dei 4 rettleiarane frå Vindafjord har hatt ein praksisperiode på Imsland og Skjold skule hausten –99 som ein del av opplæringa. Det er meininga at skolane i kommunenettverket nå kan nytta desse personane som ”kritiske venner” i den skolebaserte vurderinga. Vats skule har valt å fokusera på læringsmiljøet på ungdomssteget og har med seg to vurderingsrettleiarar frå Tysvær kommune som har starta opp arbeidet nå i vår.

Vurdering i skolen har vore eit satsingsområde i fleire år. Våren –99 fullførte 9 lærarar ei kursrekke om vurdering på barnesteget som Statens utdanningskontor arrangerte. Hausten –99 arrangerte kommunen ei samling med Lars Helle frå HiS med tema skolebasert vurdering og skoleutvikling.

Styrings- og plandokumenta elles gir inntrykk av å vera heilskaplege og tenlege. Dei gir rom for lokale val og prioriteringar på bakgrunn av systematisk vurdering, men gir samstundes retninga for utviklingstiltak. Oppvekstetaten har utarbeidd ein strategiplan for 2000/2001, og her er utviklingsarbeid på ungdomssteget, klasseleiing og klassemiljø og auka elev- og foreldremedverknad sentrale område.

Kontakten mellom kommuneleiinga, oppvekstetaten og skolane ser ut til å vera god. Rådmannen og kultur- og oppvekstsjef har vore på besøksrunde til alle skolane. Ordføraren og leiar av kultur- og oppvekstutvalet har også vore rundt på alle skolane og gjort seg kjende. Alle skolane er organiserte med ei driftsgruppe som består av lagleiarane, inspektør, rektor og tillitsvald, og det er driftsgruppa som tar opp felles saker som gjeld skolen. Intensjonen for arbeidet på den enkelte skole er at laga, lærarane som arbeider på same klassesteg, skal vera den berande institusjonen på skolen når det gjeld det pedagogiske arbeidet. Etter utdanningsdirektøren si vurdering er Vindafjord kommune komen langt i arbeidet med å imøtekomma krava i forskrifta om skolebasert vurdering.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi

På dette området har kommunen to satsingsområde: Kompetanseheving hos lærarane og i skolane og kvalitetsutvikling generelt innafor IKT.

Opplæring i tekstbehandling, i bruk av Internett med e-post og bruk av bilete, lyd og tekst er nokre av tiltaka som er sette i verk når det gjeld kompetanseheving hos lærarane. Når det gjeld kvalitetsutvikling vil det bli sett i verk nye kurs. Ein ønskjer å få i stand internasjonalt samarbeid, og ein vil byggja ut nettverk for administrasjon og elevar. Alle skolane har digitale fotoapparat. Kommunen er med i eit prosjekt om bruk av IKT i norskfaget, der ein reknar med å hausta erfaringar som kan nyttast også i andre fag.

Skolane har valt ulike løysingar når det gjeld elevane si kompetanseheving. Pedagogisk programvare med ulik progresjon er nytta, og frå hausten vil elevane få tilbod om opplæring i utforming av heimesider. Vidare ønskjer ein å bruka ressurselevar i arbeidet med å auka kompetansen og å utvikla kvaliteten. Dei utfordringar ein ser er: bruken av Internett, få til tenlege nettverksløysingar og å få skoleadministrasjonen til å bruka Internett.

Elevar ved Vikedal skule viste at dei som avsluttande prosjektarbeid hadde laga eigne heimesider.

Skolefritidsordninga

Alle skolar som har 1-4. klassesteg har skolefritidsordning. Barnetalet varierer frå rundt 10 til 20 i dei ulike bygdene. Kommunen arbeider med kompetanseutvikling både for pedagogisk personell og for andre tilsette. Assistentane får mellom anna felles skolering med assistentar i barnehagane.

Det er vedtektsfesta same ordning når det gjeld å seia opp ein plass, som i barnehagane. Utdanningsdirektøren har gitt merknad om at dette kan vera ei noko streng ordning. Frå kommunen si side vart det understreka at ordninga ikkje blir praktisert så rigid som det går fram i vedtektene.

Organisering av arbeidet på det spesialpedagogiske området

I følgje leiar av PPT har det spesialpedagogiske arbeidet gode kår i Vindafjord kommune fordi kommunen har ei politisk leiing som ser kor viktig arbeidet til PPT er. Tildeling av tilrådde timar følgjer stort sett tilrådinga frå PPT. Kontoret legg vekt på å vera synleg i skolane, og på at det er høve til å følgja opp tiltaka ute i skolane. Fordi kontoret er lite, satsar ein på nettverk med andre kontor t.d. Haugesund, Karmøy og Suldal PPT. Samarbeidet blir stort sett gjennomført innafor ramma av dei statleg finansierte stillingane, men Vindafjord kjøper dessutan logopedtenesta frå Suldal. Samarbeidet med Haugesund PPT er prosjektrelatert og har som målsetting å førebyggja lese- og skrivevanskar.

I kommunen sitt arbeid i Samtakprogrammet har ein som målsetting at skolane skal ha eigarskap til dei utviklingsprosjekta dei vel og at PPT kjem inn og støttar skolane i utviklingsarbeidet. Ein satsar på oppbygging av nettverk både kommunalt og interkommunalt. Kommunen samarbeider med Eikelund kompetansesenter om spesialpedagogikk og dataverktøy.

Skolebesøk

Besøket i Vindafjord vart gjennomført med møte på Vikedal skule. Vi fekk orientering om skolen, om arbeidet i skolen og høve til å møta elevar og lærarar i arbeid. For kommande skoleår vil Vikedal skule satsa på å utvikla eit rikt læringsmiljø for elevane. Dette arbeidet

skal også vera skolen sin medverknad i Samtak, og arbeidet vil derfor skje i samarbeid med PPT. Skolen ønskjer m.a. å finna fram til andre organiseringsformer av skoledagen, t.d. ved å leggja opplæringa opp i 6-vekers syklusar. Prosjektarbeidsforma er mykje nytta, og utdanningsdirektøren er imponert over kvaliteten på og variasjonen i dei avsluttande prosjektarbeida som vart presenterte. Skolen har eit godt system for vurdering av prosjektarbeid, og lærarane på ungdomstrinnet gav uttrykk for at elevane er flinke til å ta ansvar for eiga læring.

Skolen har i 10 år arbeidd med prosessorientert skrivemetodikk, og elles blir drama brukt som arbeidsmåte. Elevane på 9. klassesteg lagar t.d. revy årleg, medan 8. klassen, som tidlegare nemnd, har ansvaret for 17. maitalen for bygda.

Skolen har organisert si daglege verksemd som lagarbeid. Lærarane i desse arbeidslaga har saman stort ansvar og stor fridom. Frå skoleleiinga si side vart det understreka at ei slik organisering har vore vellukka, og at samarbeidet laga i mellom er godt.

ØKONOMI OG FORVALTNING

Skoleanlegg

Vikedal skule blir nå bygd på og rusta opp, for mellom anna å kunna ta over elevane frå Mo skule som er lagd ned siste året. Uteanlegget ved skolen skal også rustast opp, og ein satsar på å trekkja foreldra og elevane med i utformingsprosessen. Skoleanlegga i kommunen er no i rimeleg god stand. Vats skule er unntaket. Denne skolen er nedsliten og skal takast fatt på. Rådmannen gjorde greie for at dei 6-7 millionane kommunen har teke imot i statstilskott til skolebygg i samband med Reform –97 og 6-åringane sitt inntog i skolen, ikkje på noko vis har strekt til. Kostnadene for kommunen har vore atskillig større, men det skuldast også at ein tok fatt i meir enn det som var direkte 6-åringar-relatert når ein først tok løftet med påbygging og rehabilitering av skoleanlegga.

Driftsrammer

Kommunen har stram økonomi og liten økonomisk handlefridom. Det er ikkje grunnlag for å tru at inntektene vil auka. Opplæringssektoren sin del av samla driftsrammer har gått jamt nedover dei siste 6 åra – frå 42,8 % i –94 til om lag 39 % i –99. I følgje kommunen er ein på leit etter effektiviserings- og innsparingsområde. Arbeidet med skulebruksplan 1, 2 og 3 har ført med seg, og vil truleg også i framtida føra med seg, sterkt engasjement og harde politiske tak i kommunen. Kommunen rapporterer at prosessen med omorganiseringar både i Vats og i Vikedal no er ferdig gjennomført og tilbakelagt. Kommunen er no i ferd med å vurdere om det er effektiviserings- og innsparingsgevinst ved å sjå ungdomssteget i kommunen i samanheng, då ein trass i omstrukturering ennå har for lite handlingsrom grunna dårleg økonomi. I følgje rådmannen kan ein ikkje lenger ha "eitt av alt i alle bygdene" i Vindafjord. Gjelda aukar, og utgiftene aukar meir enn inntektene. På utfordring frå utdanningsdirektøren gjorde rådmannen greie for at innføring av eigedomsskatt har vore vurdert fleire gonger, men er lagt vekk av politikarane som uaktuelt. Politisk leiing i kommunen gav uttrykk for at elevar på småskole- og mellomsteget bør få gå på skole i nærmiljøet.

Utdanningsdirektøren finn grunn til å peika på at Vindafjord kommune er ein av dei kommunane i Rogaland som ligg lågast når det gjeld løyving av timeressursar til skolen. Medan snittet i Rogaland og på landsbasis er 182 % og 183 % (årstimar som prosent av minstetimetallet), er talet i Vindafjord 157 %. Kommunen ligg svært lågt når det gjeld timar til

spesialundervisning og til delingstimar i skolen. Kommunen bør leggja vinn på å sikra forsvarlege samla rammer for skolen. Oppvekstsjefen opplyste at rammetimetalet vil bli styrkt kommande skoleår.

UTVIKLINGSOMRÅDE FOR KOMMUNEN

Kommunen er i gjennomføringsfasen for ei omorganisering som har skapt forventningar. For å sjå samla på ressursane i heile kommunen blir sentraladministrasjonen samordna med etatsadministrasjonane. Vidare blir det oppretta sjølvstendige fagavdelingar der mellomleiarar som t.d. rektorar, blir å sjå på som leiarar for slike avdelingar. Det ein ønskjer å oppnå med denne ordninga, er at dei som er utøvande i høve til innbyggjarane i kommunen, vil ha ansvar og avgjerdsrett til å styra innanfor gitte rammer.

Utdanningsdirektøren ser det som viktig at kommunen sikrar seg at det til ei kvar tid er skolefagleg kompetanse i staben til rådmannen. I følge Opplæringslova § 13-1 skal kommunane ha skolefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skolenivå. Etter utdanningsdirektøren si vurdering inneber dette at ein på kommunenivå har ein instans som kan samordna, inspirera, motivera og hjelpa skolane i det faglege, pedagogiske og administrative utviklingsarbeidet.

Kommunen manglar eigen vaksenopplæringsplan. Utdanningsdirektøren tykkjer det er positivt at kommunen i sin strategiske næringsplan har ein liten del som omhandlar vaksenopplæring, og minner om at kommunane er lovpålagde å ha ein plan for vaksenopplæring, anten som eigen plan eller som del av anna planverk som t.d. i planar for næringsutvikling.

Eit anna utviklingsområde er å få styrkja den spesialpedagogiske kompetansen i skolane. Skolane har ikkje spesialpedagogiske team med formell kompetanse.

AVSLUTTANDE MERKNADER

Utdanningskontoret fekk godt innsyn i utviklinga i skolesektoren gjennom kontaktbesøket. Opplegget og gjennomføringa av besøket gav nyttig og god informasjon. Statens utdanningskontor takkar Vindafjord kommune og Vikedal skule for eit verdfullt og vel tilrettelagt kontaktmøte. Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med utviklinga av skolen.

Stavanger 23.08.00

Sigmund Sunnanå
utdanningsdirektør

Mary-Ann Drange